

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 13.05.2019  
**Tidspunkt:** 09:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	Vik
Liv-Anne Aanesen	Medlem	Modalen
Frode Merkesvik	Medlem	Høyanger

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	Voss
Karen Marie Hjelmseter	Medlem	Sogn og Fjordane FK
Inger Ulvund	Medlem	Hordaland FK

---

## Merknader

Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll

Liv-Anne Aanesen

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 10/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/19	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
RS 4/19	Referatsaker		
RS 5/19	Høyring - Forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket i Vestland		2019/7072
DS 1/19	Delegerte saker		
DS 2/19	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av ved med snøskuter til stølshus i Sendedalen		2019/5753
DS 3/19	Stølsheimen verneområdestyre - løyve til helikoptertransport av byggemateriale til stølshus i Rappen		2019/6960
ST 12/19	Stølsheimen landskapsvernområde - varding av sti frå Åsedalen til Urdaskardet		2019/8158
ST 13/19	Stølsheimen landskapsvernområde - persontransport med helikopter til Solrenningane	X	2019/6086

### ST 10/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 13.05.2019

##### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### ST 11/19 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 13.05.2019

##### Vedtak

Liv-Anne Aanesen vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar. Protokollen er elektronisk godkjent.

## **RS 4/19 Referatsaker**

**RS 5/19 Høring - Forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket i Vestland**

## **DS 1/19 Delegerte saker**

**DS 2/19 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av ved med snøskuter til stølshus i Sendedalen**

**DS 3/19 Stølsheimen verneområdestyre - løyve til helikoptertransport av byggemateriale til stølshus i Rappen**

**ST 12/19 Stølsheimen landskapsvernområde - varding av sti frå Åsedalen til Urdaskardet**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 13.05.2019**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å tilrettelegge stien mellom Vatnane og Åsedalen. Løyve er gjevne med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 5. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det kan settast opp steinvardar frå Urdaskardet til T-merkt sti i Åsedalen for å vise stien mellom Vatnane og Åsedalen. Bygging av steinvardar skal ikkje ha større omfang enn det som er naudsynt for å gjera det lett å finne fram og ivareta tryggleiken.
- Vardane skal fylgja eksisterande sti som møter den T-merkte stien i Åsebotnane. Det skal ikkje leggjast til rette for ny sti frå Åsebotnane til turisthytta i Åsedalen.
- Turlaget har ansvar for vedlikehald av stien og vardane.

Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført, og seinast 31.12.2020. Rapporten skal ha med bilde av nokre av vardane på stien.

**ST 13/19 Stølsheimen landskapsvernområde - persontransport med helikopter til Solrenningane**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 13.05.2019**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev løyve til to landingar på stølen Solrenningane for transport av to eldre og uføre personar. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Landingane skal avgrensast til ei landing for transport av personar og proviant til Solrenningane, og ei landing for transport av personar frå Solrenningane.
- Landingane skal gjennomførast i perioden 1. – 31. juli 2019.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Transporten skal ikkje skje på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Transporten skal så langt det er mogleg samordnast med anna naudsynt transport i området. Anna naudsynt utstyr og proviant til Solrenningane skal vera med i same transporten.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal ha melding seinast dagen før transporten skal gjennomførast. Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transporten.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 01.09.2019.
- Dette løyvet er gjeve som eit eingongsløyve, og det kan ikkje påreknast fleire tilsvarande løyve.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Høyanger kommune for søknad om løyvet etter lov om motorferdsel i utmark.